



Kontaktinformasjon

Ta gjerne kontakt med oss dersom du ønskjer meir informasjon om huset eller du ønskjer å leige det for møteverksemd, utstilling, mindre tilstellingar m.m.

Museumsleiar:

Renate Hahn Stokkeland 38 37 93 33 / 474 56 743 rhs@sirdal.kommune.no

Konst. einingsleiar Kultur & Fritid:

Gudrun Kristine Ovedal 38 37 90 70 / 905 40 646 gko@sirdal.kommune.no



Ein møtestad i Tonstad sentrum:



Sigbjørn K. huset



Vel møtt til Sigbjørn K. huset midt i Tonstad sentrum! I denne brosjyren finn du meir informasjon om:

- Sigbjørn K. Tonstad
- Arbeid med restaurering av huset
- Om bruken av hus og hage
- Kontaktinformasjon for leige av lokale, spørsmål m.m.

www.sirdal.kommune.no



Sigbjørn K. huset ligg nær bygdevegen som går gjennom Tonstad og ned til det gamle bryggeområdet. Huset er ein del av bygningsmiljøet her som er regulert til "spesialområde bevaring". Sirdal kommune kjøpte huset i 2000, og det er eining for kultur som har ansvar for drifta. Målet med huset er å skapa større aktivitet i huset med tilhøyrande hage, det skal vera ein kreativ stad i sentrum og vera open for fleirbruk frå lag/foreiningar, politiske grupper, bedrifter m.m.



Sigbjørn Karlsen Tonstad (1899 - 1984) Huset har blitt kalla Sigbjørn K. huset etter siste eigar, Sigbjørn K. Tonstad. Han deltok mykje politisk og har vore ordførar i Sirdal (gamle Tonstad kommune). I periodar var han medlem av fleire tillitsverv i kommunen, og han var ein kjend person for dei fleste i dalen.

Mange har gode minner frå *Sybjen*, som han vart kalla. Han var ein intelligent "original", som alltid hadde ein tørrvittig kommentar på lur. Me har bevart mange små og finurlege historie frå *Sybjen*, her er ein av desse:

Sigbjørn K. og Torvald Ousdal var ungarer og venner. Til kommunevalgene figurerte begge på listetoppen for hvert sitt parti. Sigbjørn kom alltid inn i kommunestyret men det var verre for Torvald. Etter et valg spurde de Sigbjørn hvordan det hadde gått for han under valget. "Det gjekk kavande godt, kom inn som nr. 1". Hvordan det så gikk med Torvald? "Jau, det er med Torvald som med Moses, han får bare lov til å sjå inn i det forjettede land!" svarte Sigbjørn.



Ønskjer du å lese fleire historie om *Sybjen* så finn du desse i årsskriftet til Sirdal historie- og kulturvernlag for 2011.





Arbeid med restaurering av huset Det utvendige restaureringsarbeidet vart gjennomført i 2009, og dette arbeidet gjaldt tak, kledning og vindauge. Arbeidet vart utført i tråd med antikvariske prinsipp, ein prøvde å skifta ut det som var naudsynt og ivareta det som var av god kvalitet frå dei opphavlege bygningsselement. Nye kopiar (m.a. vindauga og detaljering vindskier) vart utført som nøyaktig kopi av dei gamle. Undervegs i utbetningsarbeidet måtte ein òg skifte ut nokre av laftestokkane (på framsida) på grunn av råteskade, samt oppjekking av huset på baksida.

Det innvendige utbetningsarbeidet (1. etasje) vart gjennomført i 2012. Arbeidet er utført etter plan om å finna den gode balansen mellom bevaring av huset sin autentisitet, samstundes som ein tilrettelegg for at lokala skal brukast av ulike grupper. I stovene fann ein gamle malingsteknikkar som ein ønska å bevare, elles er fargane plukka ut frå dei ulike malingslaga som dukka opp når veggplatene vart fjerna. Ein meiner òg det er viktig å syne fram dagens handverksteknikk i arbeidet med tilpassing til den opphavlege.



På badet ser ein tydeleg korleis ein kan tilpasse ny materiale og teknikk til meir opphavelg tradisjon.

Bak veggplatene dukka det opp fleire malingslag, og ein føretok eit val av den tidsperiode som ein meinte var mest interessant og tilbakeføre.

Den flotte sjablon-dekoren er bevart slik den var, medan laseringsteknikken er kopiert.

Om bruken av hus og hage

Huset skal fungere som arena for ulike aktivitetar: møte-lokale (t.d. politiske gruppe, bedrifter, lag/foreningar), arena for mindre arrangement (t.d. foredrag, forfatterbesøk, intimkonsert) og utstillingslokale (t.d. kunstutstilling, sal av husflidsprodukt). I tillegg til dette, er planen at huset skal vera arena for turistinformasjon i sommarmånadane.

Ein har ei fast fotoutstilling i huset, som er bilete frå rosemålinga i Tonstadbu. (Bu sto tidlegare i hagen her, den er no ein del av samlinga til Vest-Agder Fylkesmuseum).

Det er òg fleire gamle gjenstandar som er stilt ut i huset, m.a. den hollandske kista som er mala av Tore Asbjørnsen Risøyne, samt skrivebordet og arbeidsveska til Sigbjørn K. Tonstad.

Hagen

Ein har tidlegare fått utført ei oppreinsking i hagen, samt supplert med fleire plantar. Det er den estiske kunstnaren Jaröna Ilo som har gjort denne jobben, og resultatet er veldig bra.

I hagen skal ein formidle nokre av dei historiske hageplantene frå Agder. Ein vil òg leggja vekt på utvikling av ein rekreasjonsstad for folk som vitjar Tonstad sentrum. Ein vil òg oppfordre alle om å ta med seg nistepakken til Sigbjørn K. hagen om sommaren, her er det òg lov å smake på det "naturlege snopet" som fins i hagen m.a. rips, stikkelsbær, solbær og epler.

I hagen kan det òg vera mindre arrangement, som til dømes konsertar, skulpturpark, torg for lokalprodusert mat, soppdag eller staudebyting.



Det fyrste arrangementet som ein skal ha i Sigbjørn K. huset er allereie i november. Me ønskjer alle vel møtt til:

Om kulturkollisjonar
- eit forfatterbesøk av Steinar Tjomlid
TYSDAG 20. NOVEMBER KL. 19.00